

I deras strålnings guldskog
 leker snabbspringande nektarsökande
 kurragömma i en honungsdimma värmad av sol,
 i en gul svalka som härmad eld.

Kerstin Ekmans och Gunnar Erikssons bok är en fin hyllning till *scientia amabilis*. Den rymmer både upptäcktens ögonblick och lärdomens eftertanke.

Mats Rydén

Språken i Sverige. Temaredaktörer Östen Dahl & Lars-Erik Edlund. Stockholm 2010. 176 s. Inb., ill., stort format, + cd. (Sveriges nationalatlas.) ISBN 978-91-87760-57-0.

Kulturpolitisk viktig bok

Svensk saklitteratur er blitt berika med enda ei språkbok, denne gongen om språkvariasjonen i Sverige. Dette er det som på norsk går under nemninga praktverk, dvs. ei bok utrusta med mange bilde og illustrasjonar i fargar, i stort format og med blankt papir. Boka er innbydande allereie ved første blick, og ein blir nysgjerrig etter å opne permane.

Språk blir viktigare og viktigare i samfunnet vårt på mange måtar. Det moderne samfunnet med stor innvandring har aktualisert konfliktar mellom dei mange språka innom landegrensene, og dét har denne boka tatt følgjene av ved å bruke det breie perspektivet på språkvariasjonen.

Popularisering

Å skrive fagstoff for ikkje-fagfolk er ein stor kunst. I Språken i Sverige er det lagt stor vekt på populariseringa. Dei vel 130 karta er smakfullt laga og fungerer pedagogisk godt. Dei godt over tretti fagforfattarane legg ikkje opp til innfløkte faglige drøftingar; teksten er mest beskrivande. Det gjør framstillinga oftast enkel, sjølv om det må brukas ein del fagtermar. Viss lesaren ikkje forstår fagtermene, skal han likevel kunne forstå kva fenomenet gjeld ut frå både enkle forklaringar og sjølve eksempla. Det ligg nok mye redaktørarbeid bak ein så gjennomført lesbar tekst.

Men eg trur nok at somt stoff kan vere litt for abstrakt, eller at det forutset for store forkunnskapar. Det gjeld framstillinga av tonem (aksent) og intonasjon. Faglig sett er dette svært interessant, ikkje minst fordi det er tale om ny kunnskap om svensk variasjon, der prosjektet Swedia 2000 har vore til stor nytte. Men for lekfolk skulle eg tru det blir vanskelig å henge på i framstillinga av tonesvingingane trass i dei mange fine illustrasjonane. Og framstillinga av samisk grammatikk skyt vel godt over mål, for her kjem fleire grammatiske tabellar med termar for kasus, tempus osv. som ikkje er forklart nok i brødteksten, og som neppe hører til vanlig skolegrammaticisk kunnskap.

Det er gjort eit grundig arbeid med å illustrere boka. Men av og til blir det for tett med illustrasjonar, slik at dei tar for mye av oppmerksamheten og konsentrasjonen bort frå sjølve brødteksten. På sidene 32–33 og 39–43 er illustrasjonane så mange at ein mistar kontakten med brødteksten. Somtid er illustrasjonane også for frie i forhold til teksten, for dei viser ikkje tydelig til tema som er drøfta der. Illustrasjonane

viser nok breidda i kva som kan reknas som relevant i språkkulturen, men dei kan bli for springande når dei ikkje kan knytas til teksten. Side 53 er det ein tekst om Sten Stensson Sten som føreset at lesaren er svensk. Ettersom teksten står på sida om Skåne, må lesaren gå ut frå at dette er ein figur som skal koplas til skånsk dialekt; men det kunne ha vore forklart tydelig for lesaren.

Ein del av populariseringa er det vel òg at det ikkje fins kjeldetilvisingar i teksten. Det er velkjent praksis å unngå slikt når teksten er meint for ei ikkje-faglig lesargruppe. Men det er eit sakn at boka ikkje gir antydningar om kvar interesserte lesarar kan gå vidare for å søke meir opplysningar. Ei alfabetisert litteraturliste sist i boka er ikkje lett å orientere seg i. Om ein ikkje vil bruke eit noteapparat, kan ein lage eit vedlegg som nemner kva litteratur kvart kapittel er basert på. På den måten ville ein òg ha ytt rett mot dei mange forskarane som har skaffa fram all kunnskapen som dette verket auser or. (Her kan det kanskje vere retningslinjer for heile atlas-serien som fastlegg dei redaksjonelle prinsippa.)

Tema

Det vide perspektivet i boka kjem fram alt i dei to første kapitla, som drøftar språkslektskap generelt i verda. Vi blir mint om at den heimlige variasjonen er bare eit lite utsnitt av eit svært stort bilde. Den komprimerte svenske språkhistoria frå urgermanskt til språket i dag, som kjem i neste kapittelet, er eit vellykka samandrag om dei viktige periodane og særdraga. For den som ikkje er spesialist, er dette eit nyttig bakteppe for den synkrone variasjonen som er hovudtemaet i boka.

Når ein opnar boka, ventar ein seg nok at svensk talemålsvariasjon skal vere hovudtemaet. Slik er det ikkje. Kapittelet «Några svenska dialekter» får 25 sider, og det utgjør da bare ein åttedel av boka. Vi kan legge merke til at det står «Några» i kapittelittelen. Det tenkte ikkje eg over før eg var ferdig med kapittelet og begynte å undras over kvar eg kunne finne ei framstilling av f.eks. götamål, gotländska, norrländska osv. Men mellomtittelen med sitt «några» hadde altså ikkje lovd oss noen full oversikt. Det var eit sakn, for når ein først gir svensk talemål ei slik framstilling i ein atlas, kunne ambisjonen vore å gi ei geografisk sett fullstendig oversikt. Derned kunne dette tent som den kjelda ein slo opp i for å finne ein presentasjon i kortform av alle dialektområda i landet. Det er det altså ikkje blitt. Det er eksplisitt kommentert s. 56 at Idre og Särna har dialekt av «norsk typ» og ikkje blir omtalt nærmare. Dét er vel ikkje grunn god nok for uteleting så lenge boktittelen er Språken i Sverige. Når «språken» står i bestemt form, refererer ein til alle språka.

Den geografiske avgrensinga i tittelen er heller ikkje strengt etterlevd, for her er mye om svensk i Finland, Ukraina og andre stadar i verda, og ikkje så reint lite om finsk i Finland. Boktittelen svarar altså ikkje heilt til innhaldet.

Svensk dialektologi er sterkt på det leksikologiske, og derfor er det rimelig at åtte sider går til dialektgeografisk framstilling av ein del ord. Dette kapittelet gir noen gode smakebitar. 18 sider er brukt på stadnamn og 6 på personnamn. Så får ikkje-svenske språk i Sverige 43 sider, før «Sveriges språk ute i världen» og fremmende språk i skolen er dei siste temaa. Heilt til slutt får Vigdís Finnbogadóttir ordet for å runde av med eit varmt innlegg om kor viktig språk er – som «människans adelsmärke». Til boka hører dessutan ein cd med prøver av ti svenska dialektar, som er gjengitt med tekst i sjølve boka. Dette er verdifullt, for det er viktig å få oppleve variasjonen gjennom øret i tillegg til tekstframstillinga. Men dette tilleggsstoffet kunne vore betre integrert i framstillinga av dialektane.

Det er fortenestefullt at det breie perspektivet er brukt i ei bok om nátdsviasjonen, og dermed bør ein kanskje ikkje etterlyse fleire perspektiv. Men vi kan konstatere at det sosiale perspektivet ikkje er mye framme. Her står litt om bymål først i

dialektkapittelet, men det er lite konkret om sosiale verdiar i variasjonen og om sosiale motsetningar mellom brukargrupper. Det breie perspektivet på språkkulturen er ikkje brukt; språk brukt i tekstar, i sjangrar, språk brukt som maktinstrument, språkholdningar osv. er ikkje fokusert spesielt. Men dette er ingen kritikk av verket, det fortel først og fremst om ei nødvendig avgrensing. Elles måtte jo boka vore dobbelt så stor.

Ein nordmann les

Når ein nordmann les denne boka, er gjenkjenningsleda stor. Så mye er det same som vi kjenner frå norsk språkvariasjon og språktradisjon. Dialektdrag stoppar sjeldan ved den svensk-norske grensa. Særlig er det sentralskandinaviske dialektområdet viktig i forståinga av dialekthistoria. Det fortel om eit kulturelt fellesområde gjennom mange hundreår, og det tøyser seg òg til delar av østerbotnisk, som bør reknas inn med sine drag som jamvekt («vokalbalans») og tjukk *I* (s. 58).

Nordmenn har den stereotypien at det er så stor dialektvariasjon i Norge. Derfor bør det svært illustrerande kartet s. 12–13 overraske oss. Det går det fram korleis setninga «Ovanför fönstret hängde långa istappar» lyder i 51 svenska dialektar. Det er vanskelig å lage ein test for å jamføre breidda i variasjon, men eg trur nok den svenske overgår den norske. Noe anna som er forskjellig – men kanskje ikkje overraskar – er den plasseringa dialektane har i det svenske samfunnet og daglivet. Standardspråket har fått så overordna rolle i lokalsamfunna at det har kunna fortrenge dialektane – særlig gjennom domene-seieren i skoleverket. Denne situasjonen har kanskje gitt dei lokale dialektane dødsstøtet. I staden har det vakse fram regionale standardspråk, som er regionale uttalar av det nasjonale standardspråket. Dette er ulikt den norske dialektutjamninga som – i den grad vi kan snakke om regionalisering – skaper større likskap mellom dialektane innafor eit større område uavhengig av det nasjonale standardspråket. Her er altså to ulike utviklingar fram mot regionalmål.

Den sterke standardspråkskulturen i Sverige kan nok utvikle interesseomsetningar. Det må vere ei slik motsetning som utviklar idéen om at dialektar må söke om status som minoritetsspråk (f.eks. älvdalska, s. 106). Her endar tesen (om hierarkisk ordning av variasjonen innom eit språk) i sin antitese.

Kulturen som ligg bak standardspråksideologien er gammal i Sverige, noe som trulig har å gjøre med at landet blei tidlig oppbygd som ein sterk stat som kravde loyalitet. På s. 33 blir det vist i ein illustrerande tekst korleis kongekanselliet instruerer ein fut om å skrive *jag* og ikkje *jeg* i 1530. I 1658 dukkar det opp ei puristisk holdning og ei omsut for språket (s. 37), som er komme under utalandsk press. Vi ser nok her vitnemål om ei kulturutvikling der språket meir og meir blir tillagt symbolske nasjonale verdiar.

I denne boka møter vi – slik vi òg ofte gjør i norsk faglitteratur – ei sterk forestilling om at språklig prestisje fører til at språkdrag spreier seg. Denne forestillinga blir ofte så sterk at resonemanga blir sirkulære, for ein endar med å hevde at språkdraget må ha hatt prestisje ettersom det spreier seg. S. 66 står det om at skarre-*r* («tungrots-*r*») trulig har spreidd seg pga. høg status. Men s. 67 kjem det at «I dagens Sverige är det snarare tvärtom.» Det siste er indirekte å forstå som ei forklaring på at skarre-*r*-en ikkje spreier seg lenger i Sverige. I Norge er det slik at skarre-*r*-en spreier seg på Vestlandet, men ikkje elles. Skal vi da seie at skarre-*r*-en har prestisje på Vestlandet, men ikkje elles i Norge? Nei, det blir for enkelt, og det blir sirkulært. Skal vi forklare fenomen A med fenomen B, er første kravet at vi har pålitelige data om begge, og det andre at dataa er uavhengige av kvarandre.

På s. 11 finn vi ei generell forklaring på språkendringar der det same står om

prestisje. Eine formuleringa er så sterkt som at endringa «vinner inträde förutsatt att den anses äga prestige». Men språkhistoria vår er jo full av eksempel på at språkdrag som ikkje har prestisje, vinn fram og seirar i språksamfunnet. Dét skulle vere prinsipielt umulig ut frå prestisjeforklaringa. Ein slik lettvinne stereotypi, der ein kan slutte både frå A til B og frå B til A, hindrar oss i å søke etter den meir komplekse sosialpsykologiske og språkstrukturelle forklaringa på språkendringar.

Svenske dialektar og namn

Framstillinga av «några svenska dialekter» er svært pedagogisk. Ho avgrensar seg til eit fåtal språkdrag, og gjerne slike strukturdrag som går igjen som kjennemerke for fleire dialektar, slik som retrofleks konsonantar, bakre *r*, ymse vokalovergangar, infinitivsending osv. Dei stikkordsprega listene over dialektkjennemerke gir god oversikt, og dei er og blir nyttige når ein skal jamføre og gjenfinne desse særdraga. Boka kunne på denne måten vere ei oppslagsbok ein lett vender tilbake til. Men her er det altså at boka hadde vunne på å presentere heile den svenska dialektgeografien.

Dei mange svenska parallellane til norsk overraskar ofte, for det vanlige møtet med svensk er gjennom standardspråket. For eksempel er lågninga noe som viser fellesskap, for *fesk* og *stökke* for *fisk* og *stykke* fins i begge språka. I norsk dominerer uttalen *sokker* og *bonke*, men *sukker* og *bunke* fins i eit lite området. At svensk har *sukker* og *bunke*, altså trong *u* framom velalar, kjenner vi til, men her får vi så vete at mønsteret med *o* også fins i svensk, nemlig i smålandska. Det er altså dominansforholdet som er motsett. At *-t* og *-n* har falle i endestavingar, slik at *kastat* og *solen* i skrift blir uttalt *kasta* og *sola* i mange dialektar, gir oss også ei aha-oppleving. Det er klart at landegrensa ikkje bør vere ei grense for dialektologar, men ho er nok dessverre det altfor mye i dag. Den historiske forståinga av mange drag kan ein bare gripe i eit nordisk perspektiv.

Utviklinga av skarre-*r*-en er eit fasinerande felt innanfor nordistikken. I norsk spreier den seg nordover Vestlandet med jann fart men har i aust stoppa ved ei etablert grense i Aust-Agder, dvs. på grensa mot retrofleksane. I Sverige er denne lyden kommen på tilbakegang. Desse to ulike tendensane er interessante i eit laboratorieperspektiv. I norsk dialektologi har Arne Torp presentert ein sterk hypotese om at skarre-*r* ikkje kan kombineras med tjukk *l* i ein og same dialekt (Torp 2007 s. 150 ff.). (Hos enkeltindivid kan ein derimot ha ein slik kombinasjon, men da utan at det har spreiingsmuleigheter geografisk.) Men dialekten i Nord- og Nordøstsmåland og i mellersta Kalmar län (s. 54) har nettopp ein slik kombinasjon som altså skulle vere umulig! Den er tydelig litt marginal også i svensk dialektgeografi, og vi kan legge merke til at det er skarre-*r* etter ein variant av götaregelen det er tale om, altså at skarre-*r* bare fins som usamansett opptakt i trykktung stavning. Eksempelet som er gitt s. 54 frå Västerviks-trakta illustrerer kanskje noe som likevel ikkje gjør desse dialekta til noe moteksempel, for vi ser her at tjukk *L* og skarre-*R* er i komplementær distribusjon: «Nör di små Rare barna hadde äte åpp fisken å gröten, jeck far ut för te hugge e lita juLgran.» *R* og tjukk *L* står ikkje i opposisjon til kvarandre i dette systemet, og dermed kan dei «leve saman» i same dialekten (jf. òg Torp 2007 s. 143 f.).

Götaregelen (s. 66) om ein spesiell komplementær distribusjon av fremre og bakre *r* har vi ikkje parallelar til i norsk. Regelen er eit fonologisk «sensasjonelt» særtilfelle, og det går fram av beskrivinga at det ikkje er tale om eit overgangsfenomen på vegen til full distribusjon av skarre-*r*. Grensa for göta-*r*-en har spreidd seg sørover og skarre-*r*-grensa nordover som to uavhengige frontar, som møttes midt på 1900-talet.

Dalmålet får relativt grundig behandling, som naturlig er når det er så avvikande. (Men den spesielle gotländskan får ikkje noen presentasjon.) Den blandinga dalmå-

let er av strukturell konservativisme og radikalisme er eit funn for språkhistorikarar, og dei mange interne forskjellane mellom landsbyane er ei sosiolingvistisk gåte. I alle fall er det ein god illustrasjon på at dialektforskellar ikkje oppstår først og fremst pga. isolasjon, for gjennom arbeidsvandringa ut av Dalarna gjennom fleire hundre år har folket der hatt stor kontakt med omverda. Det er meir det indre livet i landsbysamfunna som kan forklare utviklinga av særdrag, fordi språket har den sterke identifiseringsfunksjonen. Den er drivkrafta. Dette dialektområdet fortener mye utforsking.

Blant dei mange konservative nordiske draga i älvdalsmålet er bruken av *fara* som hjelpeverb for betydninga 'begynne'. Her blir det vist til parallell utvikling i islandsk (s. 57). Men færøysk ville vere eit betre eksempel på systematisk bruk av *fara* som hjelpeverb.

Etter presentasjonen av noen dialektar kjem ei framstilling av dialektologiske tema: ord- og setningsmelodi, trykk, stavingslengd, jamvekt, *r*-lyden, monoftongering, dativ og bestemt artikkel. Desse seksjonane har eit nordisk perspektiv og viser oss igjen korleis det er ein fellesskap over landegrensa. Det er ein fryd å studere karta som følgjer med i desse tekstane. (Eg kan supplere med at kortstavingar i norsk har eit større område enn det som er inntekna på kartet s. 64, for fogderiet Romsdal har også hatt dette draget opp til nå.)

Ein skandinavisk fryd er det òg å lese noen av drøftingane under kapitla «Ord i de svenska dialekterna» og «Ortnamn». Originalt under namnekapittelet er det å ha eigne avsnitt om namn på nybygg, villaar, gater, kvarter, hus, kroer og slott. Alt er jo del av namn- og språkkulturen, og derfor er denne utvidinga av den tradisjonelle stadnamndisiplinen ein perspektivutvidar.

Det svenske etternamnsystemet er noe annleis enn det norske, som er så einsidig bygd på gamle gardsnamn at det gir alltid meinig å spørje ein person om kvar i landet namnet hans eller hennar kjem frå, dvs. kva gard personen slektar frå. Den svenske tradisjonen frå adel og borgarskap med å konstruere seg nye namn ved å kople nokså fritt saman eit førsteledd og eit andreledd (Gyllenstierna, Bredlund, Hagström, Almebrink osv.) virkar som ein fjern kultur.

Andre språk og andre land

Det er opplagt rett i vår tid å ikkje avgrense ei slik bok til «Svensk i Sverige». Det må vere Språken i Sverige. For det er minst 150 språk som blir tala i landet. Sju av dei er offisielle eller nasjonale språk etter moderne lovgiving, dvs. dei seks nasjonale minoritetsspråka (samisk, sverigefinsk, meänkieli, romani, jiddisch og teiknspråk) og det samfunnsberande majoritetsspråket svensk, som er morsmålet for 85 % av folket. Dei seks nasjonale minoritetsspråka har statusen sin fordi dei var i bruk i landet før 1900, og her er det naturlig nok ein nøyaktig juridisk balansegang. Det blir f.eks. nemnt at det måtte drøftas og vurderas om jiddisch skulle falle innanfor den grensa (s. 106). Den tredje kategorien språk i Sverige er innvandrarspråk, som ikkje har same rettane, men som likevel nettopp i Sverige har fått romslige vilkår i skoleopplæringa.

Dei nasjonale minoritetsspråka blir behandla i eigne kapittel, mens innvandrarspråka blir presentert samla. Informasjonen om dei ikkje-svenske språka er interessante og sikkert toleranseutviklande. Språkvariasjonen i verda er stor, og nå kjem han tett innpå ein. Kontrastar kan minne ein på at eins eigen språkkultur ikkje er sjølv sagt, han er resultat av ei bestemt historisk utvikling. For eksempel går det fram at romani ikkje er eit fullstandardisert språk, slik vi gjerne vil sjå for oss at det må vere i eit skriftspråkssamfunn.

Innvandrarspråka blir presentert i det perspektivet at dei pregar landet Sverige i

dag. Det er fleire kommunar og lokalsamfunn der innvandrarane utgjør fleirtalet, og svensk er dermed ikkje fleirtalsspråk, men det er likevel største språksamfunnet i alle desse kommunane. Men i Malmö og Södertälje er det nok ikkje lenge før dei med svensk morsmål er i mindretal.

I denne samanhengen er det påfallande at vi ikkje har full oversikt over noe så viktig som morsmålssituasjonen for innbyggjarane i landet – og det gjeld ikkje bare Sverige. På grunn av den europeiske historia med folkeutrydding har vi fått ei redsle for å vere diskriminerande, og derfor har vi unngått å registrere morsmål og etnisitet. Derved eksisterer det heller ikkje nøyaktige tal over dei ulike språkgruppene.

Kapitla om dei nasjonale minoritetsgruppene er prega av ei etnografisk og historisk framstilling. Dei språklige opplysningane får mindre plass. Det er kanskje naturlig at det er slik, men det er påtakelig, for det er lite eller ingenting om etnografi eller samfunnssærdrag i framstillinga av dei svenske dialektområda. Der er det ein-sidig lagt vekt på språklige drag. Dette avspeglar nok at det er lesarar med svensk morsmål som er tenkt som lesarkrets for boka, dvs. dei som kjenner historia og dei sosiale trekka ved det svenskspråklige samfunnet.

Her fins òg eit kapittel om svensk i andre land (enn altså Sverige og Finland). Igjen er dette brott med boktittelen. Dette stoffet er tankekvekkande, men det blir mest eit kuriosum sett ut frå hovudperspektivet i boka. At det har vore noen svenskar i ein gammal koloni ein stad i verda utan å sette merke etter seg, er eit tema som kunde prioriteras ned i forhold til f.eks. dialektområde som er livs levande i Sverige. Ein sosiolingvistisk interessang påstand er at svenskar i Amerika har hatt lettare for å gå opp i majoritetsspråket enn andre nasjonalitetar. Slikt kunne vore verdt å prøve å forstå nærmare, for det er jo eit kultursærdrag.

Språk i ein nasjonalatlas

Eg kjenner ikkje til det overordna målet for Sveriges nationalatlas, men temalista for bøkene i denne serien ser ut til å omfatte mangt frå skog til helse. Her er faktisk fleire bind om kulturaspekt, og da er det ikkje så fjernt å ta opp språket. Men språk er ikkje eit tema vi er vane med kjem med i dei store folkebøkene. Derfor er det svært gledeleg å sjå at dei serieansvarlige har sett kor viktig språket er. Det er ei begivenheit. Sjølv om temaet er abstrakt – med få materielle kulturminne – er språket noe som vedkjem oss enten vi vil eller ikkje, og enten vi veit det eller ikkje. Derfor har vi behov for kunnskapar om den språklige variasjonen for å øve oss i å bruke begrep til å beskrive og diskutere denne delen av kulturen vår med. Det er ei forutsetning for refleksjon. Eller vi kan sitere Vigdís Finnbogadóttir: «Modersmålet är så djupt rotat i oss, i varje individ på hela det befolkade klotet, att det blir till referensram för varje tänkande människa, vare sig vi förstår detta eller inte» (s. 158.)

Redaksjonen for serien Sveriges nationalatlas skal ha stor øre for å invitere til ein språklig presentasjon av Sverige. Dette er eit praktverk der det er lagt ned så mye arbeid i eit innbydande bokoppsett at det vil gi lesarglede og skape appetitt på meir språkkunnskap. Det breie perspektivet i boka får ventelig ein politisk funksjon: utvikle gjensidig interesse og toleranse i dei mange språkgrupperingane i samfunnet.

Helge Sandøy

LITTERATUR

Torp, Arne, 2007: R – ei urokrake i språket. Oslo.



SVENSKA LANDSMÅL OCH SVENSKT FOLKLIV 2011

Tidskrift grundad 1878 av J. A. Lundell

Utgiven av

KUNGL. GUSTAV ADOLFS AKADEMIEN FÖR SVENSK FOLKKULTUR, UPPSALA

Redaktör:

MAJ REINHAMMAR

Redaktionssekreterare:

GERD EKLUND

Redaktionsråd:

LARS-ERIK EDLUND, LENNART ELMEVIK, ANN-MARIE IVARS, BENGT AF KLINTBERG, LARS-GUNNAR LARSSON, BIRGITTA SKARIN FRYKMAN och MATS THELANDER

Kungl. Gustav Adolfs Akademien/Swedish Science Press